

Protokoll styremøte 4/26

Søndag 30. august
Digitalt møte på Teams kl. 20.00

Tilstades frå regionstyret:

Bernt Reed, Aina Brendsdal Forthun, Gry Sissel Sagen, Marianne Lilleby,
Nils Reed, Stig Piel og Torstein Hamrebø

Tilstades frå administrasjonen:

Elin Rekdal Skogstad

Saker

Sakliste - del 1 vedtakssaker

Saksnr.	Sakstittel
23/2026	Leiarmøte 26.- 27.september - <i>Orientering og innspel til saker til leiarmøtet</i>
24/2026	Val av varslingsansvarleg på regionsnivå

Sakliste - del 2 drøftingssaker

Saksnr.	Sakstittel
25/2026	Medlemsmøte 18. oktober - <i>Aktuelle tema, førebuing og plan for gjennomføring av digitalt medlemsmøte.</i>

Saksliste - del 3 orienteringssaker

Saksnr.	Sakstittel
26/2026	Orientering frå kontoret
27/2026	Orientering frå regionstyreleiar
28/2026	Økonomistatus pr. 30.08 (<i>omgjort til vedtakssak i møtet</i>)
29/2026	Orientering om arbeidet med kulturkrinsane

Godkjenning

Innkalling

Innkallinga til styremøtet vart sendt på epost til regionstyret 21. august -26 saman med møteinvitasjon og Teams-lenke.

Vedtak: Godkjent.

Sakliste

Sakliste vart sendt ut på epost til regionstyret 21. august - 26. Sakspapira vart sendt ut på epost 28. august -26.

Vedtak: Godkjent.

Del 1 - vedtakssaker

Saksnr. 23/2026 Leiarmøte 26.- 27.september

Saksopplysingar:

Regionen oversendte generalsekretær to innspel til tema på leiarmøtet i september. Det eine temaet er innspel om å innføre tryggleikspolicy i korpsa og det andre temaet er retta inn mot saka om vedtekter, som allereie står på sakskartet til forbundsstyret. Innspela frå regionen vart oversendt generalsekretær etter møteslutt.

Vedtak: Godkjent

Saksnr. 24/2026 Val av varslingsansvarleg på regionsnivå

Saksopplysingar:

I situasjonar der regionen får varsel av ulik karakter er det behov for ein ressurs som skal vere varslingsansvarleg i regionen. Dette var planlagt våren 2025 ved at ny styreleiar skulle bli varslingsansvarleg, men etter ekstraordinært regionting i oktober -25 vart ikkje dette vedtaksfesta då ny styreleiar vart vald.

Vedtak:

Regionstyreleiar Bernt Reed blir vald som varslingsansvarleg for region Nordvest.

Alle som i framtida vert vald som regionstyreleiar vert automatisk vald som varslingsansvarleg i Norges Musikkorps Forbund Nordvest.

Saksnr. 28/2026 Økonomi

Saksopplysingar:

I evaluering av økonomistatus, gjekk regionstyret gjennom rammene for sommarkursa i Nordvest, derunder plan og gjennomføring for sommarkursa. Det populære sommarkurset SommerPULSE i Ålesund gjekk ut av ei tidsavgrensa støtteordning frå Gjensidige-stiftelsen i fjor (2025). Stiftelsen har vore ein svært viktig bidragsytar til dei siste åras gjennomføringar av kurset. Då ein ikkje lukkast med å skaffe tilstrekkelege midlar frå andre aktørar for 2026 gjekk desverre SommerPULSE i år med underskot. SommerPULSE har vore eit fantastisk bra tilbod til born som ikkje er i anna aktivitet, og borna har hatt stor nytte av gratis-tilbodet dei siste åra.

Sommarkursa skal continuerleg utviklast og følge behovet til musikantane i regionen, både mtp. demografi, alder og vekst. Det er viktig for regionen at musikantane skal få så godt tilbod som overhodet mogleg, samtidig som sommarkursa må vere føremålstenlege.

Vedtak: I tråd med manglande nye inntekter avsluttast serien med SommerPULSE. Regionstyret gir administrasjonen i oppdrag å justere sommarkurs-modellen frå sommaren 2027, med mål om å nå budsjetttrammene, og samtidig ivareta musikalsk god kvalitet iht. NMFs rammeplan for sommarkurs.

Del 2 - drøftingssaker

Saksnr. 25/2026 Medlemsmøte 18. oktober

Saksopplysingar:

Regionen drøfta fleire tema som kan vere aktuelle til digitalt medlemsmøte 18. oktober. Målet er å nå ut til så mange korps som mogleg, så tema bør vere aktuelt og felles for dei fleste av medlemskorpsa i regionen. Styret foreslår gjennomgang av Tutti, styreportalen, solskinnshistorier frå korps, søknadstips og informasjon om VO-midlar m.m.

Vedtak: Regionstyreleiar og dagleg leiar landar endeleg agenda til medlemsmøtet 18. oktober.

Del 3 - orienteringssaker

Saksnr. 26/2026 Orientering frå kontoret

Saksopplysingar:

Administrasjonen er godt i gong med arbeidet etter sommarferien. Sommarkursa er ferdige og alle kursa har hatt god deltaking i år. I tillegg til ordinært sommarkurs-program vart dirigentkurset "Ung dirigent" gjennomført på Musikkveka i Ulsteinvik. Dato for grått kurs vart flytta fram i år, men til neste år vil dato vere flytta attende til vanleg tid, noko som også er ønskeleg etter ei evaluering frå deltakarane. Vi har fleire korps med i Ungdomsløftet frå regionen vår, og regionen

deltek i tillegg i evaluering- og utviklingsteamet i Ungdomsløftet nasjonalt. Det er gledeleg at nye korps melder seg på og at korpsa som har vore med melder om positive erfaringar frå Ungdomsløftet sine besøk.

Planar for haustens regionkorpssamlingar er samling i Kjølisdalen i september(NUBB), Åndalsnes i oktober(NUK), samling i Tomrefjord i november(NUK) og ei samling i Indre Sogn i desember(NUBB).

Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.

Saksnr. 27/2026 Orientering frå regionstyreleiar

Saksopplysingar:

Regionstyreleiar orienterte om det foreståande leiarmøtet, der nestleiar, styreleiar og dagleg leiar deltek som representantar frå NMF Nordvest. Kort info om valkomitéen, som vert påkobla no i haust og som vil arbeide fram mot regiontinget 24.-25. April -27. Aktuelle tema for Nordvestkonferansen 2027 vart gått gjennom, saman med foreløpig plan for gjennomføring.

Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.

Sak 29/2026 Orientering om arbeidet med kulturkrinsane

Saksopplysingar:

Regionen er representert i styra i begge kulturkrinsane.

Møre og Romsdal kulturkrins:

Marianne Lilleby (nestleiar, MRKK) orienterte om status frå Møre og Romsdal Kulturkrins, som skal gjennomføre ekstraordinært årsmøte 16. oktober, med val av nytt styre og valkomité. Det sittande styret i kulturkrinsen fungerer som valkomité fram til det ekstraordinære årsmøtet.

Vestland kulturkrets:

Elin Rekdal Skogstad (styremedlem, VKK) orienterte om status frå Vestland kulturkrets. Sak om samanslåing av Vestland kulturkrets og Vestland kulturråd er no ute på høyring med frist 1. oktober.

Vedtak: Informasjonen om kulturkrinsane vert teken til vitande.

NMF Nordvest, 03.09.26

Bernt Reed
Regionstyreleiar

Elin Rekdal Skogstad
dagleg leiar